



Skjenkeløyve til vertshuset blir behandla av formannskapet torsdag i neste veke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag i neste veke skal formannskapet behandla mange skjenkerettsaker, mellom anna skjenkerett til Dønhaug Gjestegard og Vertshuset, som skal gjenopnast.

Vertshuset står riktignok ikkje på sakskartet, men saksbehandlar Mette Guddal opplyser til uskedalen.no at saka kjem opp som tilleggssak fordi dei fekk søknaden frå eigar Røsland så seint som torsdag. Men rådmannen har enno ikkje rukke å laga nokon innstilling. Etter kva vi får opplyst føreligg det nå også for Vertshuset godkjent kunnskapsprøve etter alkohollova. Røsland har opplyst at han sjølv skal ha ansvaret for drifta etter at det har vist seg umulig å få tak i ein profesjonell drivar.

Rådmannen går inn for at Dønhaug skal få fornya skjenkeløyve fram til 30. juni 2012 for Dønhaugkjedlaren med 65 sitjeplassar og Dønhauglåven med 300 sitjeplassar når skjenkeløyve vert nytta. Vidare gjeld løyvet for eit avgrensa uteområde mellom låven og redskapshuset med 150 gjester og eit avgrensa område på nedsida av Dønhaugkjedlaren med 45 gjester.

Det må dokumenterast at pålagde utbetringar med omsyn til rømningstryggleik er utbetra. Skjenketida vert frå 12 til 01 under 22 prosent og frå 13 til 24 over 22 prosent.

Formannskapet var på synfaring sommaren 2007 og godkjenninga av skjenkeområdet er i samsvar med vedtak frå vedtaket som vart fatta etter synfaringa.

Av Ola Matti Mathisen